



Dyrkolbotn Fjellstove
Dyrkolbotn 119
5994 VIKANES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7875 - 15/2364

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
09.02.2015

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon, oppføring av bygg for seterdrift, gbnr 247/10

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.12.14.

Vi viser til dykkar søknad datert 13.10.14 og brev datert 28.01.15. Vi seier oss leie for at det har teke så lang tid før saka har vorte vurdert hjå byggesaksbehandler i kommunen. Det har i den aktuelle saka vore ein svikt i våre rutiner.

I dykkar brev datert 28.01.15 skriv de at søknad vart levert kommunen 13.10.14 og at de har innretta dykk i tillit til denne. De skriv vidare at siden kommunen innan fristen ikkje hadde innvendig til søknaden gjekk de i gong med arbeida.

I gjeldande lov ligg det krav om at søknaden skal vere komplett for at kommunen sine saksbehandlingsfrister skal gjelde jf. plan- og bygningslova (pbL) § 21-7, jf. byggesaksforskrifta (SAK10) § 7-1. Meldingssaker vart fjerna i lovendring som trådte i kraft 01.07.2010, det vart innført generell søknadsplikt for alle tiltak med eit par unntak.

Det er søker/tiltakshavar sitt ansvar at søknaden som vert levert kommunen er komplett jf. pbL § 21-2.

Vi har no gått gjennom innsendt dokumentasjon og ser at vi manglar ein del opplysningar som er naudsynte med omsyn til om vi kan behandle søknaden, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Planstatus

Eigedomen, gbnr. 247/10, er omhandla i arealdelen til kommuneplanen for 2011-2023. Eigedomen ligg i område med formål SN1 i areal sett av til LNFR.

Eigedomen er omtala i arealdelen av kommuneplanen:

5.25 Dyrkolbotn: I område SN1 kan det førast opp bygningar og anlegg for leirstad,



undervisning/konferanse, dyrehald, overnatting og servering samt personalbustad. Det kan førast opp inntil 4 nye bygninger samt utviding av eksisterende bygning. Samla nytt BYA må ikke overstige 3000 m². Ved plassering av bygninger og anlegg skal det leggjast særleg vekt på omsynet til landskap, natur og friluftsliv. Heimel: Pbl §§ 11-11 nr. 2 og 11-9 nr. 6.

Tiltaket kjem inn under pkt. 5.25 i kommuneplanen sin arealdel. Tiltaket er av landbruksavdelinga (epost datert 06.02.15) vurdert å komme inn under kategori driftsbygg i landbruket. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Fareområde

Området der det omsøkte tiltaket er søkt oppført ligg i kommuneplanen innanfor faregrense for ras og skredfare. Ved skjekk på skrednett.no går det fram at tiltaket ligg i utløpsområde for snøskred. Området er ikkje kartlagt.

Utklipp frå VTEK10 § 7-3

«Aktsomhetskart viser områder med potensiell fare der det må vises akt somhet i forhold til skredfare. Til nå er det utgitt akt somhetskart for steinsprang og for snøskred på www.skrednett.no. Kartene er utarbeidet ved bruk av en datamodell som ut fra terrenghelsing har identifisert terrenget der utløsning av skred er mulig. Utløpsområder er beregnet automatisk. Det er ikke gjort feltarbeid ved utarbeidelse av kartene, og effektene for eksempel skogsdekke og utførte sikringstiltak er ikke vurderet.

Disse kartene er grove oversiktskart som er ment å gi en første indikasjon på mulig skredfare. Dersom planlagt bebyggelse ligger innenfor akt somhetsområder, må det utføres nærmere undersøkelser for å finne grensen for skred med de ulike skredsannsynligheter som er gitt i § 7-3 annet ledd.

Akt somhetskartene viser ikke utløsningsområder med mindre høydeforskjell enn 20 m. Bratte skrenter med mindre høydeforskjell enn 20 m vil derfor ikke synes på kartet, og i en del tilfeller kan også skråninger mellom 20 m og 50 m falle utenfor. En detaljert utredning av skredfare i forbindelse med reguleringsplan eller byggesak må derfor også omfatte en vurdering av mulige skredfarlige skrenter utenfor akt somhetsområdene.»

Vi kan ikkje ferdighandsame søknaden før det ligg føre uttale frå føretak med rett fagkunnskap med omsyn til ras og eventuelt behov for rassikring.

Teikningsgrunnlaget

Teikningsgrunnlaget er mangelfullt, men det er snakk om eit eksisterande bygg som er plukka ned og som skal monterast opp igjen på eigedomen. Det er lagt ved foto av bygget frå tidlegare plassering. I tillegg er det søkt oppført eit «tilbygg» som skal innehalde ysteri og mjølketankrom.

Det vert i søknad skildra at det skal leverast inn nye fasadeteikningar frå same arkitekt som i si tid teikna leirskulen. Desse ligg ikkje føre. Mønehøgde er opplyst å vere 3,7 m på sjølve stallbygget. Del av bygget som skal inneholde ysteri og melketankrom er på teikning påført største gesimshøgde 3,7 m. Sjølve tiltaket vil ha eit totalt bruksareal (BRA) på om lag 138 m².

Tiltaket er søkt oppført på ferdig etablert/planert del av tomta, plassering av tiltaket er synt på situasjonsplan datert 17.04.07, dagsett 16.12.14. Situasjonsplan er påført utvendige mål på byggningskroppen, men ikkje avstand til grense og vegmidte. Avstand til grense frå tiltaket er i GEMINI målt til å vere over 4 m. Med omsyn til avstand til vedmidte (kommunal veg) så er denne målt til om lag 17 m i GEMINI.

Mål med omsyn til avstandar er estimat og vi ber om at det vert levert oppdatert situasjonsplan som er påført rette mål med omsyn til eigedomsgrense og vegmidte. Dersom tiltaket vert plassert nærmare vegmidte enn 15 m krev det dispensasjon etter veglova.

Nabovarsel

Det er ikke lagt ved dokumentasjon som syner at tiltaket er nabovarsla, det er stor avstand fra det planlagde bygget til nærmeste bygning på annan manns grunn (i Gemini målt til om lag 200 m) So. I, lys og utsyn fra naboeigdommar vert ikke nevneverdig rørd av tiltaket.
Tiltaket får ingen verknad for sol, lys og utsyn på naboeigedommane.

Kommunen kan dersom det vert bede om det vurdere å frita tiltaket fra nabovarsling jf. pbl § 21-3, 2.ledd.
Vi legg ved liste over naboar/gjenbuar og skjema som kan nyttast ved nabovarsling.

Handtering av avløp (VA)

Det er ikke gjort greie for korleis gråvatn fra ysterom/stall skal bortleia. Dette må avklara innan vi kan ferdighandsame søknaden.

Naturmangfold:

Det er ved innstebotnsvatnet observert rødlista art som er kritisk truet Anguilla anguilla, avstand fra tiltaket til observasjonsstad er om lag 2,5 km.

I tillegg er det i avstand/radius fra tiltaket på om lag 180-300 m observert livskraftig bestand av fossekall, lys reinlav og steinskvett.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nyttat rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikke at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Teikningar som syner bygget sine ferdige fasader.
2. Situasjonsplan påført avstand til eideomsgrenser og vegmidte.
3. Dokumentasjon som syner at rasfare er vurdert av føretak med rett fagkompetanse innan geoteknikk.
Dersom det viser seg at det må gjerast tiltak for å sikre mot ras, må og dette søkjast om løyve til .
4. Avklaring med omsyn til handtering av avløp frå tiltaket.
5. Dokumentasjon som syner at tiltaket er nabovarsla, eller evt. søknad til kommunen om å frita tiltaket fra nabovarsling.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

naboliste gbnr 247_10
5155N-Opplysn. gjeve i nabov
5156N-Kvittering for Nabovar

Mottakarar:

Dyrkolbotn Fjellstove

Dyrkolbotn 119 5994

VIKANES